



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 05.02.2026
Tid: Kl. 17:00 - 18:15

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Nina Hauglid	AP
Espen Heitmann	Frp
Kjell Magne Moe	Frp
Claus Hoff	H
Jan Are Remme	H
Jan Erik Vad	H
Johan Arnt Overøye	H
Robert Bergerud	H
Anders Jørgen Gjerde	Sp
Annette Langdal	Sp
Britt-Ingunn Tafjord Walle	Sp
Håkon Myklebust	Sp
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Marius Høihjelle	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp
Vemund Waldal	SV

Forfall:	Parti
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Vara:	Parti
Olav Løvoll	AP
Jan Ole Strand	H
Elin Tafjord Skoge	SV

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Prosjektleder Prosjekt Hus Are Leira
Kommunalsjef Oppvekst og kultur Mariann Birkhol
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Søvik Erstad

Personalsjef Marius Moe
Sekretær Alexander Oudijk

Andre som møtte:

Fagleiar Ingeløv Katarina Tronstad, Stranda og Fjord barnevernteneste
Einingsleiar Aina Holmberg, Stranda og Fjord barnevernteneste

Terese Jemtegård Moen
ordførar

Anders Jørgen Gjerde (Sp)

Johan Arnt Overøye (H)

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møtebok
002/26	Orienteringssaker
003/26	Tilvisingsbustader i Fjord kommune
004/26	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre - Administrativt vertskommunesamarbeid
005/26	Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar
006/26	KS Debatthefte 2026 - Tid for taktskifte
007/26	Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026–2028
008/26	Referatsaker

Val av settevaraordførar:

Ordføraren Terese Jemtegård Moen føreslo Lars Kristian Øvrebust (Sp) som settevaraordførar inntil Jens Einar Aklestad (Ap) er på plass.

Samrøystes vedteke.

Anders Jørgen Gjerde (Sp) og Johan Arnt Overøye (H) vart valde til å skrive under protokollen saman med ordføraren.

Merknader til innkalling:

- Det vart 30.01. ettersendt vedlegg til orienteringssaker om leige av Rådhusmarka.
- Det vart oppdaga måndag 02.02 at det var dokument under sak 002/26 Orienteringssaker som ikkje viser på heimesida, dette pga. arkivreglar. Dokumenta vart ettersendt 03.02.26. Dokumenta har heile tida ligge inne tilgjengeleg for kommunestyret ved innlogging i møteportalen.

Ingen merknader til sakliste.

Orienteringar:

- PPT og barnevernstenesta for Stranda og Fjord kommunar

Orienteringar frå ordføraren:

- Viser til orienteringssaker/møteprotokoll formannskapet 22.01. med vedlegg; (planforum, grensejustering Liabygda, innspel til kommunekommisjonen, jerv)
- Sp har saman med Frp, SV, R, MDG, Krf og V skaffa fleirtal for å stanse alle pågåande kontraktssinngåingar for rehabiliteringsanskaffelsar i Helse Sør-Øst og Helse Midt-Norge. Dette betyr at det no er klart at Muritunet og andre rehabiliteringsinstitusjonar sine noverande avtaler vert vidareført inntil nye, fagleg forankra kvalitetskrav og ein langsiktig plan for rehabiliteringsfeltet er lagt fram.
- Ordførar og politikontakt i butikk: Fjord kommune har fått ny politikontakt, Karl Idar Vik. Politiet har eit ønske om å vere meir synleg og ute blant folk i kommunen vår, og i løpet av dei siste par vekene har vi gjennomført ordførar og politikontakt i butikk i Norddal, Valldal og

Stordal. Neste runde med ordførar i butikk blir i mai/juni, og då skal Tafjord og Eidsdal også få besøk av politikontakt.

- Totalforsvarsåret 2026. Regjeringa har gjeve DSB (Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap) saman med Forsvaret i oppdrag å leie planlegginga og gjennomføringa av Totalforsvarsåret 2026. Det overordna målet er å styrke Norge si evne til å forebygge og handtere sikkerheitspolitiske kriser og krig. Ordførar har tatt initiativ til at det vert arrangert eit folkemøte om Totalforsvar 10. mars kl 18-20 på Martin Linge-huset i Valldal, der totalforsvarsaktørane presenterer seg og snakkar om sitt ansvar og sine oppgåver. Målet med møtet er å skape fellesskap og tillit, auke forståinga for beredskap og totalforsvar, og få opp årvåkenheita i befolkninga vår, samstundes som vi skaper tryggleik for folk.
- Ordførar har delteke på Nyttårskonferansen i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. 08.-09. januar. Innlegg og dialog med digitalisering- og forvaltningsminister Karianne Tung og kommunal- og distriktsminister Bjørnar Skjæran, samt møte med Mørebenken var av høgdepunkta.
- Ordførar har saman med ordførar i Stranda, leiinga ved Stranda vidaregåande skule og næringslivet v/Fjordhagen og Denne Stranda arbeidd vidare for å synleggjere og informere om studietilbodet ved SVG frå hausten 2026. Det vart arrangert ope møte 27.01. og det vert også informert i sosiale media fram til søknadsfristen 01. mars om studietilbodet som er både yrkesfag og studieførebuande; Naturbruk, helse- og oppvekstfag, bedriftsmodellen, idrettsfag og studiespesialisering.
- Etter at ordførar deltok på Nasjonal Fjellskredkonferanse i haust har ordførar vore med og tatt initiativ til at 15 fjellskredkommunar har sendt brev til kommunal- og distriktsministeren for å etterlyse framdrift i regjeringa sitt arbeid med eventuell endring av TEK17 § 7-4 (Unntaksbestemmelse for utbygging i områder med fare for fjellskred og flodbølge som følge av fjellskred). Brevet vart sendt 01.12.25, og der vart det bedt om møte med statsråden. Teamsmøte med statsråd Skjæran vart gjennomført 29.01., og ordførar heldt innlegg med eksempel frå Fjord kommune på utfordringane som følgjer av fare for fjellskred, og korleis faresoner påfører kommunen uforholdsmessig belastning.
- Workshop med kommunestyret og råda 20. mai saman med Tett på-samarbeidspartnarane Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Distriktssenteret. Tema: Levekårsplan. Kommunestyrerepresentantar med vara og råda får eiga innkalling og informasjon på epost.
- Statens vegvesen v/Nasjonal turistveg held på med planlegging av oppgradering av rasteplassane ved Øvstestølen i Valldal og ved Eidsvatnet i Eidsdal. Når det gjeld rasteplassen ved Eidsvatnet har kommunen spelt inn til vegvesenet at dei bør arrangere eit møte i Eidsdal der bygda får presentert planane. Kommunen har også signalisert at ein på eit slikt møte også bør diskutere kva ein kan gjere med villcampingen langs vatnet.

Orientering frå kommunedirektøren:

- Kommunedirektøren orienterte kort om at avvik, som gjaldt publisering av aksjeeigarbok frå Stordal Alpinsenter i mars i 2025, no er lukka frå Datatilsynet si side.

001/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 18 stemmer (100%) - AP 1, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 18 stemmer (100%) - AP 1, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Grunna ein feil vart første votering gjennomført med 18 representantar i staden for 19. Difor vart det votert for 2. gong. Det er votering nr 2 som er korrekt.

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 001/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

002/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Tilleggspunkt til vedtak vedr. leige av Rådhusmarka, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Kommunestyret delegerer til formannskapet å behandle sak «Politisk vurdering av rådhusmarka 2026» på neste formannskapsmøte 26. februar.

Vedr. orientering frå kommunedirektøren om Klagesak om bruk av rådhusmarka vart dokument ettersendt på e-post 30.01.26 og via oppdatert lenke til møteinnkallinga 03.02.26.

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) fremma tilleggspunkt til vedtak vedr. leige av Rådhusmarka: *Kommunestyret delegerer til formannskapet å behandle sak «Politisk vurdering av rådhusmarka 2026» på neste formannskapsmøte 26. februar.*

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (89%) - AP 2, Frp 2, H 5, Sp 6, SV 2

Mot: 2 stemmer (11%) - H 1, Sp 1

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Tilleggs punkt til vedtak vedr. leige av Rådhusmarka**

Terese Jemtegård Moen (Sp)

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 002/26 Vedtak:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret delegerer til formannskapet å behandle sak «Politisk vurdering av rådhusmarka 2026» på neste formannskapsmøte 26. februar.

003/26: Tilvisingsbustader i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune vil lyse ut tilvisingsavtaler for å legge til rette for private utbyggjarar å etablere fleire sentrumsnære bustader.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Uttale frå Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting i saka vart ettersendt pr. e-post 22.01.26.

Uttale Eldreråd:

'Eldrerådet stiller seg positiv til saksvurdering og konklusjon, men meiner saka skulle ha vore lagt fram for Eldrerådet.

Stor ros til artikkelen i Storfjordnytt, som var veldig informativ om saka.

Eldrerådet ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.'

Uttale RFUN:

'Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner vi at saka skulle ha vore i rådet før det vart sendt til formannskapet.

RFUN støttar forslaget i saka og ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.'

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 003/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:****Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune vil lyse ut tilvisingsavtaler for å legge til rette for private utbyggjarar å etablere fleire sentrumsnære bustader.

Kommunestyret 05.02.2026:**Behandling:**

Jens Einar Aklestad (Ap) tok sete i møte. Vararepresentant Olav Løvoll gjekk frå møte. 19 Voterande til stades.

Ordføraren kommenterte at Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting har meint at saka skulle vore behandla i råda før den vart sendt til formannskapet, og ber komunedirektøren sørge for at råda får relevante saker til behandling.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 003/26 Vedtak:**Kommunedirektøren si innstilling:**

Fjord kommune vil lyse ut tilvisingsavtaler for å legge til rette for private utbyggjarar å etablere fleire sentrumsnære bustader.

004/26: Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre - Administrativt vertskommunesamarbeid**Kommunedirektøren si innstilling:**

Deltagelse i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre fremstår som det økonomisk mest fordelaktige valget for kommunen. Overgangen til provenyfinansiering vil gradvis redusere behovet for å budsjettere egne kostnader til deltagelse og vil fordele kostnadene ut der behovet for avtalen ligger.

Formannskapet 22.01.2026:**Behandling:****Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 004/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:****Kommunedirektøren si innstilling:**

Deltagelse i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre fremstår som det økonomisk mest fordelaktige valget for kommunen. Overgangen til provenyfinansiering vil gradvis redusere behovet for å budsjettere egne kostnader til deltagelse og vil fordele kostnadene ut der behovet for avtalen ligger.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 004/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Deltagelse i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre fremstår som det økonomisk mest fordelaktige valget for kommunen. Overgangen til provenyfinansiering vil gradvis redusere behovet for å budsjettere egne kostnader til deltagelse og vil fordele kostnadene ut der behovet for avtalen ligger.

005/26: Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar

Kommunedirektøren si innstilling:

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerande eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Tilføyning, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.

Uttale frå Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting i saka vart ettersendt pr. e-post 22.01.26.

Uttale Eldreråd:

'Denne saka burde har vore til uttale i Eldrerådet før politisk behandling. Eldrerådet si uttale er at dette er flott og at vi støtter saksgrunnlaget og konklusjonen.'

Uttale RFUN:

'Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner vi

at saka skulle ha vore i rådet før politisk behandling.

Saka vart drøfta.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) fremma fellesforslag til nytt punkt i kommunedirektøren si innstilling:
'Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.'

Det vart først røysta over kommunedirektøren si innstilling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (86%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2

Mot: 1 stemme (14%) - SV 1

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke mot 1 røyst.

Deretter vart det røysta over tilleggsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV):

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Tilføyning**

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Tilleggsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 005/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerande eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.
- Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

kommunediretøren si innstilling, foreslått av Vemund Waldal, Sosialistisk venstreparti

Kommunedirektøren si innstilling:

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerande eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret, vedteke 22.01.26:

Kommunedirektøren si innstilling inkludert tilleggsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV), som vart samrøystes vedteke av formannskapet 22.01.26:

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerande eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.
- Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.

Ordføraren kommenterte at Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting har meint at saka skulle vore behandla i råda før den vart sendt til formannskapet, og ber komunedirektøren sørge for at råda får relevante saker til behandling.

Elin Tafjord Skoge (SV) og Vemund Audunsson Waldal (SV) fremma nytt- forslag til vedtak som er likt komunedirektøren si opprinnelige innstilling, utan tilleggs punkt føreslått av Dagrun Agnes Vikesland (SV) i formannskapsmøtet 22.01.26.

Formannskapet si innstilling til kommunestyret, inkludert tilleggsforslaget frå SV (opprinnelig innstilling) vart sett opp mot nytt forslag til vedtak frå Fjord SV:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 1 stemme (5%) - H 1

Nytt forslag - komunedirektøren si innstilling: 18 stemmer (95%) - AP 2, Frp 2, H 5, Sp 7, SV 2
Vemund Waldal (SV)

Fjord SV sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 1 røyst.

KS- 005/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.

- Koordinerende eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.

006/26: KS Debattheft 2026 - Tid for taktskifte

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka er drøfta og følgjande tilråding vert gitt:

1.) Kva må vi gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Fjord kommune står i ein situasjon med demografiske endringar, press på økonomien og behov for omstilling. For å sikre berekraftige og framtidsette tenester må kommunen arbeide målretta med utvikling, samarbeid og effektiv ressursbruk.

Dette krev først og fremst:

- Tydeleg politisk vilje
- Sterk administrativ gjennomføringsevne
- God involvering av innbyggjarane

Tiltak som skaper felles forståing og reduserer motstand mot omstilling er avgjerande.

Viktige tiltak:

Fjord kommune skal prioritere god informasjon og dialog med innbyggjarar, brukarar, pårørande, tilsette, politikarane og andre samarbeidspartnarar. Målet er å redusere forventningsgap og bidra til ei felles forståing av kva kommunen kan levere innanfor dei ressursane som er tilgjengelege.

a) Tydeleg prioritering og politisk vilje

Kommunestyret må ta aktive og krevjande prioriteringar i tenestetilbodet. Omfang og nivå på tenestene kan ikkje halde fram å vekse. Administrasjonen må ha mot til å definere kva som er forsvarleg og godt nok tenestenivå slik at politikarane blir trygge på å flytte ressursar frå område med fallande behov til område med vekst, eller foreslå nødvendige strukturendringar som sikrar meir effektiv drift innanfor tenestene.

b) Omstilling med tilhøyrande endringar i tenestenivå og struktur

Kommunen må legge ein plan for naudsynte endringar innan tenester og struktur:

1. Samordne nivå av tenester internt og mot nabokommunar .
2. Som konsekvens av demografiske endringar, konsekvens av det statlege inntektssystemet og tilgang på arbeidskraft må det flyttast ressursar frå oppvekst til helse, omsorg og velferd.
3. Legge til rette for at folk kan bu heime lenger i sjølvleid bustad gjerne nært omsorgshubbane.
4. Sterkare bruk av tverrfaglege team framfor sektorvise løysingar
5. Det må leggjast til rette for at fleire også innan habilitering kan eige eigen bustad

c) Styrka førebygging og folkehelse

Førebyggjande arbeid er avgjerande for både livskvalitet og berekraftige tenester. Fjord kommune skal:

- Utvikle eksisterande førebyggjande arbeid og folkehelse meir målretta i samarbeid med private og ideelle aktørar.
- styrkje folkehelsearbeidet på tvers av sektorar
- planlegge for framtidsette og tilpassa bustadløyningar
- utvikle aldersvenlege lokalsamfunn som gir moglegheit for å bu heime lenger

Dette er tiltak som både fremjar livskvalitet og reduserer presset på kommunale tenester over tid.

d) Digitalisering og teknologi

Digitale løysingar og kunstig intelligens må takast i bruk i større grad for å frigjere tid hos tilsette og forbetre kvaliteten i tenestene. Dette krev:

1. samarbeid om felles løysingar med andre kommunar og private aktørar
2. målretta kompetanseheving
3. vilje til å endre arbeidsprosessar, ikkje berre digitalisere eksisterande praksis

e) Arbeid opp mot staten

Fjord kommune skal vere ein aktiv medspelar i dialogen med statlege styresmakter om finansiering, rammevilkår og gjennomgang av inntektssystemet. Kommunen vil arbeide for at naturressursbaserte inntekter kjem lokalsamfunnet til gode.

2.) Korleis kan vi i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra bruke og mobilisere den arbeidskrafta vi har best mogleg for å løyse samfunnsoppgjaget vårt?

Fjord kommune skal sikre robuste og berekraftige tenester gjennom betre bruk av eksisterande arbeidskraft, samarbeid og god organisering.

Samarbeid og inkludering

1. Styrke samarbeid på tvers og vidareutvikle BTI-arbeidet.
2. Samhandle tett med NAV, opplæringskontor og næringsliv.
3. Skape fleire lærling-, praksis- og tilrettelagde plassar og inkludere fleire som står utanfor arbeidslivet.

Rekruttering, kompetanse og utvikling

1. Utarbeide strategisk bemanningsplan med bakgrunn i KS si matrise og bake denne inn i heilskapleg utgreiing for kommunen
2. Satse på kompetanseheving gjennom støtteordningar og samarbeid med fagorganisasjonar.
3. Utvikle hospiterings- og praksisplassar og skape insentiv for å kvalifisere egne tilsette.

Arbeidsmiljø, nærvær og organisering

1. Redusere sjukefråvær gjennom godt leiarskap, systematisk HMS og partssamarbeid.
2. Auke heiltid og redusere uønska deltid.
3. Bruke fleksible arbeidstidsordningar som årsturnus og langvakter der dei er forsvarlege.
4. Sikre rett kompetanse til rett oppgåve gjennom god oppgåvedeling (TØRN prosjektet).

Teknologi og smartere tenester

1. Ta i bruk velferdsteknologi for å avlaste behov for bemanning og frigjere tid til kjerneoppgåver.
2. Sikre god kommunikasjon med brukarar og pårørande ved innføring av nye løysingar.

Livsfasen og attraktiv arbeidsgivar

1. Styrke livsfase- og seniorpolitikk for å forlenge yrkeslivet.
2. Tilby gode arbeidsmiljø, fagleg utvikling og fleksible løysingar for å rekruttere og behalde kompetanse.

3.) Kva må vi prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

For å styrke beredskapsevna vil Fjord kommune prioritere:

1. **Oppdatert ROS og planverk**
Hald kontinuerleg oppdaterte ROS-analysar og beredskapsplanar som speglar dagens trusselbilette, og bruk dei aktivt i prioriteringar og øvingar.
2. **Robust beredskapsleiing og drift**
Sikre tydelege roller, kontinuitetsplanar og evne til å drifte kritiske tenester ved bortfall av straum, e-kommunikasjon eller annan infrastruktur.
3. **Styrka beredskapsråd og samarbeid**
Ha eit aktivt beredskapsråd med frivillige, næringsliv og kritiske aktørar, og gjennomføre jamnlege øvingar internt og med nabokommunar.

4. **Digital tryggleik**
Redusere IKT-sårbarheit gjennom betre rutinar, kompetanseheving og gode naudløysingar for drift under digitale angrep.
5. **Eigenberedskap og lokalsamfunnets motstandskraft**
Informere innbyggjarane om eigenberedskap og styrke samarbeid med frivillige for å bygge robustheit og tillit.
6. **Sikring av kritisk infrastruktur**
Ha særleg fokus på trygg vassforsyning og godt samarbeid med nettselskap om straumberedskap.
7. **Demokratisk beredskap og barn/unge**
Verne om tillit og motverke digital påverknad, og sikre at barn og unge blir ivaretekne i krisesituasjonar.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Framlegg til vedtak for endra ordlyd i tilråding KS Debattheft 2026, foreslått av Terese Jemtegård Moen, Senterpartiet

Fjord kommunestyre vedtek tilråding i tråd med kommunedirektøren si innstilling, med følgjande endring i ordlyd (endring understreka og merka med raud tekst):

Dette krev først og fremst:

- Tydeleg politisk vilje
- Sterk administrativ gjennomføringsevne og god forankring hjå tilsette
- God involvering av innbyggjarane, frivilligheit og næringsliv

b) Omstilling med tilhøyrande endringar i tenestenivå og struktur

Kommunen er no i ferd med å legge ein heilheitleg Levekårsplan for naudsynte endringar innan tenester og struktur på kort, mellomlang og lang sikt:

1. Samordne nivå av tenester internt og mot nabokommunar .
2. Som konsekvens av demografiske endringar, konsekvens av det statlege inntektssystemet og tilgang på arbeidskraft må ressursane prioriterast i Fjord kommune si livsløpstrapp. Det må brukast tilstrekkeleg med ressursar på trinn 1 Førebygging og trinn 2 Eigenmestring, slik at flest mogleg klarar seg sjølve. Med dette vil vi klare å ha nok ressursar til å kunne levere tenester på trinn 3 Tilrettelegging og trinn 4 Spesialisert hjelp.
3. Legge til rette for at folk kan bu heime lenger i sjølveigd bustad gjerne nært omsorgshubbane.
4. Sterkare bruk av tverrfaglege team framfor sektorvise løysingar
5. Det må leggest til rette for at fleire også innan habilitering kan eige eigen bustad

Ordføraren Terese Jemtegård Moen (Sp) presenterte nytt forslag til vedtak med følgjande endring i ordlyd (endring understreka og merka med raud tekst):

Fjord kommunestyre vedtek tilråding i tråd med kommunedirektøren si innstilling, med følgjande endring i ordlyd (endring understreka og merka med raud tekst):

Dette krev først og fremst:

- Tydeleg politisk vilje
- Sterk administrativ gjennomføringsevne og god forankring hjå tilsette
- God involvering av innbyggjarane, frivilligheit og næringsliv

b) Omstilling med tilhøyrande endringar i tenestenivå og struktur
Kommunen er no i ferd med å legge ein heilheitleg Levekårsplan for naudsynte endringar innan tenester og struktur på kort, mellomlang og lang sikt:

1. Samordne nivå av tenester internt og mot nabokommunar .
2. Som konsekvens av demografiske endringar, konsekvens av det statlege inntektssystemet og tilgang på arbeidskraft må ressursane prioriterast i Fjord kommune si livsløpstrapp. Det må brukast tilstrekkeleg med ressursar på trinn 1 Førebygging og trinn 2 Eigenmestring, slik at flest mogleg klarar seg sjølve. Med dette vil vi klare å ha nok ressursar til å kunne levere tenester på trinn 3 Tilrettelegging og trinn 4 Spesialisert hjelp.
3. Legge til rette for at folk kan bu heime lenger i sjølveigd bustad gjerne nært omsorgshubbane.
4. Sterkare bruk av tverrfaglege team framfor sektorvise løysingar
5. Det må leggst til rette for at fleire også innan habilitering kan eige eigen bustad

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 2 stemmer (11%) - H 2

Nytt forslag - Framlegg til vedtak for endra ordlyd i tilråding KS Debattheft 2026: 17 stemmer (89%) - AP 2, Frp 2, H 4, Sp 7, SV 2

Terese Jemtegård Moen (Sp)

Nytt framlegg til vedtak for endra ordlyd i tilråding KS Debattheft 2026 frå Sp vart vedteke mot 2 røyster.

KS- 006/26 Vedtak:

Fjord kommunestyre vedtek tilråding i tråd med kommunedirektøren si innstilling, med følgjande endring i ordlyd (endring understreka og merka med raud tekst):

Saka er drøfta og følgjande tilråding vert gitt:

1.) Kva må vi gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Fjord kommune står i ein situasjon med demografiske endringar, press på økonomien og behov for omstilling. For å sikre berekraftige og framtidsretta tenester må kommunen arbeide målretta med utvikling, samarbeid og effektiv ressursbruk.

Dette krev først og fremst:

- Tydeleg politisk vilje
- Sterk administrativ gjennomføringsevne og god forankring hjå tilsette
- God involvering av innbyggjarane, frivilligheit og næringsliv

Tiltak som skaper felles forståing og reduserer motstand mot omstilling er avgjerande.

Viktige tiltak:

Fjord kommune skal prioritere god informasjon og dialog med innbyggjarar, brukarar, pårørande, tilsette, politikarane og andre samarbeidspartnarar. Målet er å redusere forventningsgap og bidra til ei felles forståing av kva kommunen kan levere innanfor dei ressursane som er tilgjengelege.

a) Tydeleg prioritering og politisk vilje

Kommunestyret må ta aktive og krevjande prioriteringar i tenestetilbodet. Omfang og nivå på tenestene kan ikkje halde fram å vekse. Administrasjonen må ha mot til å definere kva som er forsvarleg og godt nok tenestenivå slik at politikarane blir trygge på å flytte ressursar frå område med fallande behov til område med vekst, eller foreslå nødvendige strukturendringar som sikrar meir effektiv drift innanfor tenestene.

b) Omstilling med tilhøyrande endringar i tenestenivå og struktur

Kommunen **er no i ferd med å legge ein heilheitleg Levekårsplan** for naudsynte endringar innan tenester og struktur **på kort, mellomlang og lang sikt:**

1. Samordne nivå av tenester internt og mot nabokommunar.
2. Som konsekvens av demografiske endringar, konsekvens av det statlege inntektssystemet og tilgang på arbeidskraft må **ressursane prioriterast i Fjord kommune si livsløpstrapp. Det må brukast tilstrekkeleg med ressursar på trinn 1 Førebygging og trinn 2 Eigenmestring, slik at flest mogleg klarar seg sjølve. Med dette vil vi klare å ha nok ressursar til å kunne levere tenester på trinn 3 Tilrettelegging og trinn 4 Spesialisert hjelp.**
3. Legge til rette for at folk kan bu heime lenger i sjølveigd bustad gjerne nært omsorgshubbane.
4. Sterkare bruk av tverrfaglege team framfor sektorvise løysingar
5. Det må leggjast til rette for at fleire også innan habilitering kan eige eigen bustad

c) Styrka førebygging og folkehelse

Førebyggjande arbeid er avgjerande for både livskvalitet og berekraftige tenester. Fjord kommune skal:

- Utvikle eksisterande førebyggjande arbeid og folkehelse meir målretta i samarbeid med private og ideelle aktørar.
- styrkje folkehelsearbeidet på tvers av sektorar
- planlegge for framtidsretta og tilpassa bustadløyisingar
- utvikle aldersvenlege lokalsamfunn som gir moglegheit for å bu heime lenger

Dette er tiltak som både fremjar livskvalitet og reduserer presset på kommunale tenester over tid.

d) Digitalisering og teknologi

Digitale løysingar og kunstig intelligens må takast i bruk i større grad for å frigjere tid hos tilsette og forbetre kvaliteten i tenestene. Dette krev:

1. samarbeid om felles løysingar med andre kommunar og private aktørar
2. målretta kompetanseheving
3. vilje til å endre arbeidsprosessar, ikkje berre digitalisere eksisterande praksis

e) Arbeid opp mot staten

Fjord kommune skal vere ein aktiv medspelar i dialogen med statlege styresmakter om finansiering, rammevilkår og gjennomgang av inntektssystemet. Kommunen vil arbeide for at naturressursbaserte inntekter kjem lokalsamfunnet til gode.

2.) Korleis kan vi i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra bruke og mobilisere den arbeidskrafta vi har best mogleg for å løyse samfunnsoppdraget vårt?

Fjord kommune skal sikre robuste og berekraftige tenester gjennom betre bruk av eksisterande arbeidskraft, samarbeid og god organisering.

Samarbeid og inkludering

1. Styrke samarbeid på tvers og vidareutvikle BTI-arbeidet.
2. Samhandle tett med NAV, opplæringskontor og næringsliv.
3. Skape fleire lærings-, praksis- og tilrettelagde plassar og inkludere fleire som står utanfor arbeidslivet.

Rekruttering, kompetanse og utvikling

1. Utarbeide strategisk bemanningsplan med bakgrunn i KS si matrise og bake denne inn i heilskapleg utgreiing for kommunen
2. Satse på kompetanseheving gjennom støtteordningar og samarbeid med fagorganisasjonar.
3. Utvikle hospiterings- og praksisplassar og skape incentiv for å kvalifisere eigne tilsette.

Arbeidsmiljø, nærvær og organisering

1. Redusere sjukefråvær gjennom godt leiarskap, systematisk HMS og partssamarbeid.
2. Auke heiltid og redusere uønska deltid.
3. Bruke fleksible arbeidstidsordningar som årsturnus og langvakter der dei er forsvarlege.
4. Sikre rett kompetanse til rett oppgåve gjennom god oppgåvedeling (TØRN prosjektet).

Teknologi og smartere tenester

1. Ta i bruk velferdsteknologi for å avlaste behov for bemanning og frigjere tid til kjerneoppgåver.
2. Sikre god kommunikasjon med brukarar og pårørande ved innføring av nye løysingar.

Livsfase og attraktiv arbeidsgivar

1. Styrke livsfase- og seniorpolitikk for å forlenge yrkeslivet.
2. Tilby gode arbeidsmiljø, fagleg utvikling og fleksible løysingar for å rekruttere og behalde kompetanse.

3.) Kva må vi prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

For å styrke beredskapsevna vil Fjord kommune prioritere:

1. **Oppdatert ROS og planverk**
Hald kontinuerleg oppdaterte ROS-analysar og beredskapsplanar som speglar dagens trusselbilet, og bruk dei aktivt i prioriteringar og øvingar.
2. **Robust beredskapsleiing og drift**
Sikre tydelege roller, kontinuitetsplanar og evne til å drifte kritiske tenester ved bortfall av straum, e-kommunikasjon eller annan infrastruktur.
3. **Styrka beredskapsråd og samarbeid**
Ha eit aktivt beredskapsråd med frivillige, næringsliv og kritiske aktørar, og gjennomføre jamnlege øvingar internt og med nabokommunar.
4. **Digital tryggleik**
Redusere IKT-sårbarheit gjennom betre rutinar, kompetanseheving og gode naudløysingar for drift under digitale angrep.
5. **Eigenberedskap og lokalsamfunnets motstandskraft**
Informere innbyggjarane om eigenberedskap og styrke samarbeid med frivillige for å bygge robustheit og tillit.
6. **Sikring av kritisk infrastruktur**
Ha særleg fokus på trygg vassforsyning og godt samarbeid med nettselskap om straumberedskap.
7. **Demokratisk beredskap og barn/unge**
Verne om tillit og motverke digital påverknad, og sikre at barn og unge blir ivaretekne i krisesituasjonar.

007/26: Val av styremedlem og varamedlem til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026–2028

Valnemnda si innstilling:

Fjord kommune vel følgjande styremedlem og personleg vara til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden 2026-2028:

Styremedlem: Helga Øvrebust

Personleg vara: Andreas Håvoll

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 007/26 Vedtak:

Valnemnda si innstilling:

Fjord kommune vel følgjande styremedlem og personleg vara til Sunnmøre friluftsråd (KO) for perioden perioden 2026-2028:

Styremedlem: Helga Øvrebust

Personleg vara: Andreas Håvoll

008/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Kommunestyret 05.02.2026:

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 19 stemmer (100%) - AP 2, Frp 2, H 6, Sp 7, SV 2

Mot: 0 stemmer (0%)

KS- 008/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.